

Saksframlegg

Saksbehandlar: Statens vegvesen Region vest, Samferdsleavdelinga
 Sak nr.: 17/1210-1

TIK-midler 2017
Tildeling av tilskot til trafikktryggingstiltak i kommunane

Fylkesdirektøren rår fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) til å gjere slikt vedtak:

Det vert gjeve følgjande tilskot til trafikktryggingstiltak i kommunane (TIK-midler) 2017:

Kom. nr.	Kommune	Tilskot TIK-midler - kr.
5	Eid kommune	660 000.-
6	Fjaler kommune	90 000.-
7	Flora kommune	206 600.-
8	Førde kommune	200 000.-
9	Gaular kommune	500 000.-
10	Gloppen kommune	300 000.-
11	Gulen kommune	610 000.-
13	Hyllestad kommune	187 500.-
14	Høyanger kommune	345 460.-
15	Jølster kommune	225 000.-
17	Luster kommune	210 000.-
20	Selje kommune	187 500.-
21	Sogndal kommune	336 540.-
22	Solund kommune	69 000.-
23	Stryn kommune	152 400.-
25	Vågsøy kommune	720 000.-
	SUM	5 000 000.-

Vedlegg:

- Søknadane frå kommunane
- Prosjektark (kort framstilling av søknaden, kommentarar, m.m.)
- Instruks for forvaltning av trafikktryggingstiltak i kommunane (TIK-midler)

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn

1.1 Bakgrunn for at saka er reist

Vegtrafikklova § 40 A pålegg fylkeskommunen eit ansvar med å tilrå og samordne tiltak for å fremje trafikktryggingsarbeidet i fylket. Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) er sentralt i dette arbeidet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har løyvt 5,0 mill. kroner til tilskotsordninga «*Trafikktryggingstiltak i kommunane*» (såkalla TIK-midlar) for 2017.

Statens vegvesen orienterte i brev datert 04.10.2016, kommunane om høve til å søkja på TIK-midlar 2017. Søknadsfristen var 21. november 2016.

19 kommunar har søkt om midlar.

2. Saksopplysningar

2.1 Mandat

Fylkestrafikktryggingsutvalet (FTU) er ansvarleg for fordeling av TIK-midlane til kommunane. Statens vegvesen er sekretariat for FTU, og har teke imot søknadane.

2.2 Instruks for forvaltning av tilskot til trafikktryggingstiltak i kommunane

Sogn og Fjordane fylkeskommune sin «*Instruks for forvaltning av tilskot til trafikktryggingstiltak i kommunane*», er lagt til grunn ved innstilling. Instruksen punkt **1. Formål med og målgruppe for ordninga** seier følgjande:

«Det er føresett at midlane i hovudsak skal nyttast til trafikktryggingstiltak på kommunale og fylkeskommunale veger i samband med skuleveg og i nærmiljøet der barn ferdast. I spesielle tilfelle kan midlane, dersom kommunen sjølv ønskjer det, òg brukast til tiltak langs riksveg. For slike tiltak vert i utgangspunktet kommunen ansvarleg for drift og vedlikehald.

Midlane kan også nyttast til planlegging av tiltak og utarbeiding av lokale trafikktryggingsplanar eller andre prosjekt som FTU ønskjer å støtta.»

2.3 Fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging

Sogn og Fjordane fylkeskommune har vedteke ein fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging 2014-2017. Planen vart vedteken i 2013.

Handlingsplan del II-4 «*Totaloversyn over aktiviteten*» syner eit samla oversyn over innsatsen innan trafikktryggingsarbeidet i Sogn og Fjordane. I planen på side 35 punkt B er det lista opp diverse (fysiske) tiltak/satsingsområder med tanke på innsats. Av desse tiltaka er følgjande relevante i samband med tildeling av TIK-midlar:

- Punkt B.4.2: Arbeide for auka utbyggingstakt for gang- og sykkelvegar. Dette gjeld både riksvegar, fylkesvegar og kommunale vegar.
- Punkt B.4.4: Auka bruk av redusert fartsgrense ved skular, bustadfelt og i sentrum av tettstader/byar. Differensiert bruk av 30, 40 og 50 km/t.
- Punkt B.4.5: Trygg utforming av trafikkområda ved skular.
- Punkt B.5.1: Oppsetjing av rekkverk. Arbeide for rekkverk også på kommunale vegar.

I planen på side 37 punkt D: Tiltak retta mot kommunane:

- Punkt D.1.1: Påverke ved informasjon/retteleiing til utarbeiding og revisjon av

kommunale trafikktryggingsplanar – få dette inn som ein laupande aktivitet.

2.4 Søknader – type tiltak

I alt har 19 kommunar søkt om TIK-midlar 2017. Samla søknadssum er kr. 12 180 782.- fordelt på 44 stk. tiltak. Søknadane/tiltaka fordeler seg slik:

Type tiltak:

- 8 stk. søknader gjeld bygging veglysanlegg
- 2 stk. søknader gjeld bygging fartsdempande tiltak
- 2 stk. søknader gjeld planarbeid trafikkforhold skuleområde
- 4 stk. søknader gjeld bygging/utføring av tiltak trafikkforhold skuleområde
- 1 stk. søknad gjeld både planlegging og utføring av tiltak skuleområde
- 8 stk. søknader gjeld bygging vegrekkverk/sikring
- 8 stk. søknader gjeld bygging av langsgående anlegg for gåande/syklende (fortau og gang/sykkelveg)
- 2 stk. søknader gjeld bygging av kryssande anlegg for gåande/syklende (gangfelt/heva gangfelt)
- 2 stk. søknader gjeld oppsetjing av nye skilt eller skiltfornyning
- 1 stk. søknad revisjon av kommunal trafikktryggingsplan
- 6 stk. søknader gjeld andre tiltak

2.5 Tiltak – vurdering av trafikktryggleiksgevinst

I vedlegg 1, 2, 3, 4, og 5 er det gjengitt sitat/utklypp henta frå Statens vegvesen sine *håndbøker*, samt frå *Trafikksikkerhetshåndbok (TØI)*, som opplyser noko om pårekneleg trafikktryggingseffekt for ulike typar fysiske tiltak, eksempelvis slike tiltak som det er søkt om tilskot til via TIK-midlane 2017. Dette gjeld veglysanlegg, rekkverk, o.s.v. I kommentarane til den einsskilde søknad, slik dei er lista opp nedanfor under punkt **3. Søknader**, - viser vi til vedlegg 1; NOTE 1, NOTE 2, o.s.v. der dette er relevant.

I saksutgreiinga viser vi også til aktuelt punkt i *fylkeskommunal trafikktryggingsplan - satsingsområde*», jf. punkt 2.3 ovanfor, - der slikt relevant punkt finns.

2.6 Tildeling - kriteria

I innstillinga er det gjort framlegg om tildeling av heile løyvinga på 5 mill. kr.

Ved innstilling er følgjande lagt til grunn:

- Tiltak må stetta krava for tilskot i gjeldande instruks for TIK-midlar
- Trafikktryggleikseffekt av tiltaket
- Sum av tildelt tilskot dei siste 6 åra
- Totalkostnad for tiltaket
- Storleiken til kommunen

Det varierer mykje kor store tilskot TIK-midlar (tidlegare Aksjon Skuleveg-midlar) dei einsskilde kommunane har motteke dei siste åra. Tilskota dei 6 siste tildelingsåra for den einsskilde kommune går fram av oppstillinga nedanfor, jf. punkt **2.7 Oppstilling søknader**. Ulikskapen i tilskot kan skuldast både at kommunane har ulik praksis med tanke på årlege søknader kontra meir sporadiske søknader, og om tiltaket det vert søkt om stettar formålet i gjeldande instruks, eller ikkje (altså om søknaden om tilskot vart imøtekommen eller avslegen).

Også kommunen sin storleik i folketal er vektlagt ved elles nokså «likeverdige» tiltak. Større kommunar har fleire skuleborn og gjerne også fleire skuleområde å sikre. Dessutan også truleg fleire/lengre skuleveggar å sikre. Og TIK-ordninga er nettopp retta særskilt mot skulebarn, jf. både gjeldande instruks, og den tidlegare nemninga «Aksjon Skuleveg».

Det er òg med i vurderinga at flest mogeleg kommunar får ta del i ordninga. Dette fordi vi trur at TIK-tilskota bidreg til at kommunane opprettheld fokus på trafikktryggingsarbeidet sitt og motiverer til innsats.

Om ein fordelar årets løyving på 5,0 mill. kr. likt på dei 19 kommunane som har søkt om tilskot, så tilsvarar dette kr. 263 158.- pr. kommune.

Frå 2014 vart det opna opp for å auka tilskotsandelen til inntil 75 pst. Men då ramma for løyving til tilskotsordning held same nivået som tidlegare, har vi med berre eitt par unntak lagt 60 % til grunn. Det er også kommunar som har søkt anna/lågare tilskotsandel.

3. Søknader

Oppstilling søknader med kommentarar, supplerande opplysningar og framlegg til tilskot:

(x = ingen søknad/ingen tildeling. Gjeld linja som syner historiske tilskot siste 6 åra. Rekkefølgja i oppstillinga er slik med tanke på tildelingsår: 2011-2012-2013-2014-2015-2016)

1. Askvoll kommune:

Tiltak: Bygge veglysanlegg fv. 609 Gjelsvik – Gjelsvik skule

Kostnadsoverslag: kr 1 100 000.-
Søknadssum tilskot: kr. 825 000.-
Tildeling tilskot: kr. 0.-

Veglysanlegg, sjå vedlegg 1 NOTE 1.

Generelt:

Tildelingar Askvoll kom. siste 6 år: x-x-98 000-390 000-390 000-570 000=kr. 1 448 000.-
Fordeling etter folketal siste 6 år: kr. 827 000.-
Liten kommune, høg utteljing siste 6 åra. Større tilskot i 2016.

Av vedlegg 1 NOTE 1 går det fram at bygging av veglys gir trafikktryggingseffekt. Men då løyvinga til tilskot er avgrensa, og Askvoll kommune har fått forholdsvis mykje tilskot siste åra, innstiller vi på at kommunen ikkje får tilskot i 2017.

2. Aurland kommune:

INGEN SØKNAD 2017

Tildelingar Aurland kommune siste 6 år: 500 000-x-x-x-x-x =kr. 500 000.-

3. Balestrand kommune:

INGEN SØKNAD 2017

Tildelingar Balestrand kommune siste 6 år: x-x-x-x-x-x =kr. 0.-

4. Bremanger kommune:

Tiltak: Bygge trygg hente- og bringesituasjon Frøyen skule

Kostnadsoverslag: kr. 895 000.-
Søknadssum tilskot: kr. 671 250.-
Tildeling tilskot: kr. 0.-

Kommunalt område/veg.

Fylkeskommunal handlingsplan punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.»

Generelt:

Tildelingar Bremanger kom. siste 6 år: 114 000-90 000-150 000-213 000-240 000-408 000=kr. 1 215 000.-

Fordeling etter folketal siste 6 år: kr. 1053 000.-

Liten kommune, i overkant utteljing siste 6 åra. Større tilskot i 2016.

Tiltaket med å bygge trygg hente- og bringesituasjon Frøyen skule fell inn under satsingsområda i fylkeskommunal handlingsplan for trafikktrygging. Men då løyvinga til tilskot er avgrensa, og Bremanger kommune har fått forholdsvis mykje tilskot siste åra, innstiller vi på at kommunen ikkje får tilskot i 2017.

5. Eid kommune:

Tiltak 1: Planlegge trafikktrygg./regulering skuleområde Nordfjordeid sentr.

Kostnadsoverslag: kr. 800 000.-

Søknadssum tilskot: kr. 600 000.-

Tildeling tilskot: kr. 600 000.- (75% tilskot av kostnadsoverslag)

Kommunalt område/veg.

Fylkeskommunal handlingsplan punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.»

Tiltak 2: Skilte skuleområde/bustadfelt utanom sentrum Eid kommune

Kostnadsoverslag: kr. 100 000.-

Søknadssum tilskot: kr. 75 000.-

Tildeling tilskot: kr. 60 000.- (60% tilskot av kostnadsoverslag)

Kommunalt område/veg.

Sjå vedlegg 1 NOTE 2 og NOTE 4.

Fylkeskommunal handlingsplan punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.»

Innføring av fartsgrense 30 km/t i bustadområder, - og også andre sentrumsområder, er i samsvar med normalar.

Og etablering av fartsdempande tiltak i 30-soner er i samsvar med normalar. Fartshumpar bidreg til å få farten ned til ønskja nivå. Tiltaket aukar såleis trafikktryggleiken, då det er klar samanheng mellom fart og tal ulukker.

Generelt:

Tildelingar Eid kommune siste 6 år: x-330 000-416 000-168 300-x-x=kr. 917 300.-

Fordeling etter folketal siste 6 år: kr. 1 647 000.-

Større kommune, låg utteljing siste 6 åra. Søkte ikkje om tilskot i 2015 og 2016.

6. Fjaler kommune:

Tiltak 1: Etablere rekkverksikring på farlege punkt

Kostnadsoverslag: kr. 332 000.-

Søknadssum tilskot: kr. 250 000.-

Tildeling tilskot: kr. 0.-

Kommunale vegar.

Rekkverk, sjå vedlegg 1 NOTE 3.

Tiltak 2: Etablere fotgjengaroverg. med bommar/sjikane på kvar side, i kryss Hatledalen byggefelt:

Kostnadsoverslag: kr. 60 000.-
 Søknadssum tilskot: kr. 40 000.-
 Tildeling tilskot: kr. 36 000.- (60% tilskot av kostnadsoverslag)

Kommunale veg.

Gangfelt, sjå vedlegg 1 NOTE 5.

Gangfelt er i første rekke eit tiltak for å betra framkommelegheita for gåande. Men bommar/sjikane vil bremse farten ut i krysset.

Tiltak 3: Etablere sone-40 km/t ved Flekke skule

Kostnadsoverslag: kr. 60 000.-
 Søknadssum tilskot: kr. 40 000.-
 Tildeling tilskot: kr. 36 000.- (60% tilskot av kostnadsoverslag)

Kommunal veg

Fartsgrense, sjå vedlegg 1 NOTE 4

Tiltak 4: Etablere heva fotgjengaroverg. Jarstadvegen Dale vgs.

Kostnadsoverslag: kr. 30 000.-
 Søknadssum tilskot: kr. 20 000.-
 Tildeling tilskot: kr. 18 000.- (60% tilskot av kostnadsoverslag)

Kommunal veg.

Heva gangfelt, sjå vedlegg 1 NOTE 5.

Heva gangfelt bidreg til auka trafikksryggleik.

I samsvar med handlingsplan pkt. 4.3.1 «Gjere områda rundt barnehagar og skular trygge».

Tiltak 5: Etablere fortau frå internatbygga til matsalen Uwc Haugland

Kostnadsoverslag: kr. 300 000.-
 Søknadssum tilskot: kr. 180 000.-
 Tildeling tilskot: kr. 0.-

Kommunal veg.

I samsvar med handlingsplan pkt. 4.3.1 «Gjere områda rundt barnehagar og skular trygge».

Fylkeskommunal handlingsplan punkt B.4: «Fysiske tiltak for mjuke trafikantar, særleg born.»

Tiltak 6: Bygge veglys frå Fjaler ungd.skule til Dale vgs./Fjalerhallen

Kostnadsoverslag: kr. 337 000.-
 Søknadssum tilskot: kr. 180 000.-
 Tildeling tilskot: kr. 0.-

Kommunal veg.

Veglysanlegg, sjå vedlegg 1 NOTE 1.

Generelt:

Tildelingar Fjaler kom. siste 6 år: x-445 000-282 000-228 600-50 000-170 400=

kr. 1 176 000.-

Fordeling etter folketal siste 6 år: kr. 775 000.-

Liten kommune, høg utteljing siste 6 åra. Tilskot i 2016.

Også tiltaka med rekkverk, fortau og veglys ville gitt ein trafikktryggingseffekt, jf. vedlegg 1 NOTE 1 og NOTE 3. Men då løyvinga til tilskot er avgrensa, og Fjaler kommune har fått forholdsvis mykje tilskot siste åra, innstiller vi på at kommunen ikkje får tilskot til desse tiltaka i 2017.

7. Flora kommune:**Tiltak 1: Etablere fartshumpar i 30 km/t-soner og etablere heva gangfelt**

Kostnadsoverslag: kr. 344 200.-

Søknadssum tilskot: kr. 258 150.-

Tildeling tilskot: kr. 206 600.- (60% tilskot av kostnadsoverslag)

Kommunale vegar.

Fartshumpar og gangfelt, sjå vedlegg 1 NOTE 2 og NOTE 5.

Tiltak 2 Etablere intensivbelysning kryssingspunkt farlege skulevegar

Kostnadsoverslag: kr. 924 640.-

Søknadssum tilskot: kr. 693 480.-

Tildeling tilskot: kr. 0.-

Kommunale vegar/fylkeskommunale vegar

Veglysanlegg, sjå vedlegg 1 NOTE 1.

Generelt:

Tildelingar Flora kom. siste 6 år: 210 000-150 000-499 000-333 000-666 500-444 000=

kr. 2 302 500.-)

Fordeling etter folketal siste 6 år: kr. 3 266 000.-

Stor kommune, låg utteljing siste 6 åra. Større tilskot i 2016.

Også tiltaket med intensivbelysning ville ha gitt ein trafikktryggingseffekt, jf. vedlegg 1, NOTE 1. Men då løyvinga til tilskot er avgrensa, og Flora kommune har fått forholdsvis mykje tilskot siste åra, innstiller vi på at kommunen ikkje får tilskot til tiltaket med intensivbelysning.

8. Førde kommune:**Tiltak 1: Etablere refuge Elstervegen – parkeringsplass Førde bedehus**

Kostnadsoverslag: kr. 200 000.-

Søknadssum tilskot: kr. 125 000.-

Tildeling tilskot: kr. 125 000.- (63% tilskot av kostnadsoverslag)

Kommunal veg/område.

Tiltaket skjer i nærområdet til skulen:

Fylkeskommunal handlingsplan punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.»

Tiltak 2: Etablere fortau Elstervegen, langs Førde barneskule

Kostnadsoverslag: kr. 120 000.-
 Søknadssum tilskot: kr. 75 000.-
 Tildeling tilskot: kr. 75 000.- (63% tilskot av kostnadsoverslag)

Kommunal veg/område

Fylkeskommunal handlingsplan punkt B.4: «Fysiske tiltak for mjuke trafikantar, særleg born.»

Fylkeskommunal handlingsplan punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.»

Tiltak 3: Bygge veglys Nedre Fossheim

Kostnadsoverslag: kr. 480 000.-
 Søknadssum tilskot: kr. 300 000.-
 Tildeling tilskot: kr. 0.-

Kommunal veg.

Veglysanlegg, sjå vedlegg 1 NOTE 1.

Generelt:

Tildelingar Førde kom. siste 6 år: 420 000-150 000-480 000-210 000-450 000-500 000=
kr. 2 210 000.-

Fordeling etter folketal siste 6 år: kr. 3 533 000.-

Stor kommune, låg utteljing siste 6 åra. Større tilskot i 2016.

Også tiltak nr. 3 med veglys ville ha gitt ein trafikktryggingseffekt, jf. vedlegg 1, NOTE 1. Men då løyvinga til tilskot er avgrensa, og Førde kommune har fått forholdsvis mykje tilskot siste åra, innstiller vi på at kommunen ikkje får tilskot til tiltak nr. 3 med veglys.

9. Gaular kommune:

Tiltak 1: Trafikktryggleik ved Sande skule – planlegge og bygge

Kostnadsoverslag: kr. 1 175 000.-
 Søknadssum tilskot: kr. 500 000.-
 Tildeling tilskot: kr. 500 000.- (43% tilskot av kostnadsoverslag)

Kommunal veg/område.

Fylkeskommunal handlingsplan punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.»

Generelt:

Tildelingar Gaular kom. siste 6 år: x-300 000-x-195 000-309 000-146 000=kr. 950 000.-

Fordeling etter folketal siste 6 år: kr. 806 000.-

Liten kommune, forholdsmessig utteljing siste 6 åra. Mindre tilskot i 2016.

10. Gloppen kommune:

Tiltak 1: Bygge veglys Vereide-Apalset

Kostnadsoverslag: kr. 200 000.-
 Søknadssum tilskot: kr. 150 000.-
 Tildeling tilskot: kr. 120 000.- (60% tilskot av kostnadsoverslag)

Kommunal veg.

Veglysanlegg, sjå vedlegg 1 NOTE 1.

Tiltak 2: Bygge gang- og sykkelveg

Kostnadsoverslag: kr. 300 000.-
 Søknadssum tilskot: kr. 200 000.-
 Tildeling tilskot: kr. 180 000.- (60% tilskot av kostnadsoverslag)

Langs kommunal veg.

Fylkeskommunal handlingsplan pkt. B.4.2. «Arbeide for auka utbyggingstakt for gang- og sykkelveg.»

I samsvar med handlingsplan pkt. B.4 «Fysiske tiltak for mjuke trafikantar, særleg born.»

Generelt:

Tildelingar Gloppen kom. siste 6 år: 114 000-120 000-x-500 000-90 000-306 000=
kr. 1 130 000

Fordeling etter folketal siste 6 år: kr 1 584 000.-

Stor kommune, i underkant utteljing siste 6 åra. Tilskot i 2016.

11. Gulen kommune:**Tiltak 1: Bygge busstopp/møteplass Byrknes skule og snuplass buss Nordre Garden**

Kostnadsoverslag: kr. 1 272 000.-
 Søknadssum tilskot: kr. 954 000.-
 Tildeling tilskot: kr. 610 000.- (48% tilskot av kostnadsoverslag)

Tilskotet kr. 610 000.- er på same storleik som Gulen kommune fekk tilsegn om i 2015, men tiltaket vart ikkje gjennomført i 2015. Og tilskotet vart følgjeleg heller ikkje utbetalt.

Kommunal veg/fylkeskommunal veg.

Fylkeskommunal handlingsplan punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.»

Det er ein høg søknadssum Gulen kommune søker om. Det er sendt førespurnad til kommunen i ettertid om prosjektet kan delast opp i 2 tiltak, til dømes:

1. Kombinert busstopp/møteplass
2. Snuplass nord for skulen

Til dette har kommunen sin saksbehandlar svara følgjande i e-post datert 09.11.2016: «Tiltaka som er skisserte (busshaldeplass/møteplass ved skulen og snuplass Nordre Garden heng saman. Det er ikkje naturleg å dele tiltaket i 2 prosjekt. Dersom det ikkje vert rådd til å dekke heile søknaden i 2017 føreslår eg at den vert delt av dykk og handsama i 2 år.(2017/2018)»

Generelt:

Tildelingar Gulen kom. siste 6 år: 300 000-60 000-180 000-x-610 200-x=kr. 1 150 200.-
 Men tilskotet på kr. 610 200.- i 2015 vart ikkje utbetalt, då byggearbeidet ikkje kom i gang.

Fordeling etter folketal siste 6 år: kr. 649 000.-

Liten kommune, forholdsmessig utteljing siste 6 åra, - når ein trekker frå kr. 610 000.- i 2015 som ikkje vart utbetalt.

Ikkje søknad i 2016.

12. Hornindal kommune:**INGEN SØKNAD 2017**

Tildelingar Hornindal kommune siste 6 år: x-90 000-x-x-x-18 750=kr. 108 750.-

13. Hyllestad kommune:**Tiltak:** Etablere rekkverk mot Hyllestad barnehage

Kostnadsoverslag: kr. 250 000.-
 Søknadssum tilskot: kr. 187 500.-
 Tildeling tilskot: kr. 187 500.- (75% tilskot av kostnadsoverslag)

Kommunal veg

Rekkverk, sjå vedlegg 1 NOTE 3.

Etablering av rekkverk er i samsvar med handlingsplan pkt. 4.3.1:

«Gjere områda rundt barnehagar og skular trygge».

Generelt:

Tildelingar Hyllestad kommune siste 6 år: x-x-x-225 000-x-x=kr. 225 000.-

Fordeling etter folketal siste 6 år: kr. 382 000.-

Liten kommune, forholdsmessig utteljing siste 6 åra. Ikkje tilskot i 2015 og 2016.

14. Høyanger kommune:**Tiltak 1:** Bygge veglys diverse kommunale vegar og plassar

Kostnadsoverslag: kr. 550 000.-
 Søknadssum tilskot: kr. 400 000.-
 Tildeling tilskot: kr. 345 460.- (63% tilskot av kostnadsoverslag)

Veglysanlegg, sjå vedlegg 1 NOTE 1.

Tiltak 2: Fornye vegskilt/nye fartssoneskilt

Kostnadsoverslag: kr. 100 000.-
 Søknadssum tilskot: kr. 70 000.-
 Tildeling tilskot: kr. 0.-

Kommunale vegar/område.

At skilta er synlege (kan lesast) er ein føresetnad for at trafikanten skal kunna oppfatta skiltbudskapet, forstå budskapet, og handle i samsvar med skiltbudskapet.

Generelt:

Tildelingar Høyanger kommune siste 6 år: x-x-90 000-132 000-x-282 000=kr. 504 000.-

Fordeling etter folketal siste 6 år: kr. 1 140 000.-

Liten kommune, låg utteljing siste 6 åra. Tilskot i 2016.

Også tiltaket med skiltfornyng kunne truleg hatt ein trafikktryggingseffekt. Men då løyvinga til tilskot er avgrensa, innstiller vi på at Høyanger kommune ikkje får tilskot til tiltaket med skiltfornyng.

15. Jølster kommune:**Tiltak 1:** Etablere rekkverk på bru

Kostnadsoverslag: kr. 132 000.-
 Søknadssum tilskot: kr. 99 000.-
 Tildeling tilskot: kr. 0.-

Kommunal veg

Rekkverk, sjå vedlegg 1 NOTE 3.

Fylkeskommunal handlingsplan punkt B.5.1: «Oppsetjing av rekkverk. Arbeide for rekkverk også på kommunale vegar.»

Tiltak 2: Planlegge – justering fartsgrenser/lage skiltplan kommunale vegar

Kostnadsoverslag: kr. 100 000.-
 Søknadssum tilskot: kr. 75 000.-
 Tildeling tilskot: kr. 60 000.- (60% tilskot av kostnadsoverslag)

Fylkeskommunal handlingsplan punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.»

Fylkeskommunal handlingsplan punkt D.1.1: «Påverke ved informasjon/retteleing til utarbeiding og revisjon av kommunale trafikktryggingssplanar. Få dette inn som ein laupande aktivitet.»

Planarbeid er nemnt spesifikt i formålet i «Instruks for forvaltning av tilskot til trafikktryggingstiltak i kommunane».

Tiltak 3: Planlegge tilkomst og trafikkavvikling Skei skule

Kostnadsoverslag: kr. 200 000.-
 Søknadssum tilskot: kr. 150 000.-
 Tildeling tilskot: kr. 120 000.- (60% tilskot av kostnadsoverslag)

Kommunal veg/område.

Fylkeskommunal handlingsplan punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.»

Fylkeskommunal handlingsplan punkt D.1.1: «Påverke ved informasjon/retteleing til utarbeiding og revisjon av kommunale trafikktryggingssplanar. Få dette inn som ein laupande aktivitet.»

Planarbeid er nemnt spesifikt i formålet i «Instruks for forvaltning av tilskot til trafikktryggingstiltak i kommunane».

Tiltak 4: Utføre tiltak trygg utforming trafikkomr. ved skular

Kostnadsoverslag: kr. 75 000.-
 Søknadssum tilskot: kr. 56 250.-
 Tildeling tilskot: kr. 45 000.- (60% tilskot av kostnadsoverslag)

Kommunal veg/område.

Fylkeskommunal handlingsplan punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.»

Tiltak 5: Etablere fartshumpar

Kostnadsoverslag: kr. 120 000.-
 Søknadssum tilskot: kr. 90 000.-
 Tildeling tilskot: kr. 0.-

Kommunal veg.

Fartsdempande tiltak, sjå vedlegg 1 NOTE 2.

Etablering av fartsdempande tiltak i 30-soner er i samsvar med normalar.

Tiltak 6: Etablere rekkverk langs kommunale vegar

Kostnadsoverslag: kr. 310 000.-
 Søknadssum tilskot: kr. 232 500.-
 Tildeling tilskot: kr. 0.-

Rekkverk, sjå vedlegg 1 NOTE 3.

Tiltak 7: Opparbeide parkeringsanlegg i tilknytning utfartsområder/toppturar

Kostnadsoverslag: kr. 893 050.-
Søknadssum tilskot: kr. 669 788.-
Tildeling tilskot: kr. 0.-

Kommune- og fylkesveg.
Vanskeleg å vurdera trafikktryggingseffekten av tiltaka.

Generelt:

Tildelingar Jølster kom. siste 6 år: x-60 000-150 000-150 000-300 000-267 000=
kr. 927 000.-

Fordeling etter folketal siste 6 år: kr. 827 000.-

Liten kommune, litt i underkant utteljing siste 6 åra. Tilskot i 2016.

Også tiltaka med rekkverk og fartshumpar ville ha gitt ein trafikktryggingseffekt, jf. vedlegg 1, NOTE 2 og NOTE 3. Men då løyvinga til tilskot er avgrensa, og Jølster kommune har fått forholdsvis bra med tilskot siste åra, innstiller vi på at kommunen ikkje får tilskot til tiltaka med rekkverk og fartshumpar.

Tiltaket med parkeringsanlegg i tilknytning utfartsområder/toppturar er det vanskeleg å vurdera trafikktryggingseffekten av. (Ikkje planar, skisser, beskrivelse.) Vi innstiller følgjeleg på at kommunen ikkje får tilskot til tiltaket.

16. Leikanger kommune:

INGEN SØKNAD 2017

Tildelingar Leikanger kommune siste 6 år: 66 000-400 000--x-x-x-x =kr. 466 000.-

17. Luster kommune:

Tiltak: Bygge/utføre div. tiltak uteområde Gaupne skule

Kostnadsoverslag: kr. 350 000.-
Søknadssum tilskot: kr. 210 000.-
Tildeling tilskot: kr. 210 000.- (60% tilskot av kostnadsoverslag)

Kommunal veg/område.

Fylkeskommunal handlingsplan punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.»

Generelt:

Tildelingar Luster kom. siste 6 år: 248 000-260 000-344 000-160 250-374 000-
130 051=kr. 1 516 301.-

Fordeling etter folketal siste 6 år: kr. 1 395 000.-

Middels stor kommune, i overkant utteljing siste 6 åra. Tilskot i 2016.

18. Lærdal kommune:

INGEN SØKNAD 2017:

Tildelingar Lærdal kom. siste 6 år: x-x-81 000-102 000-x-229 500=kr. 412 500.-

19. Naustdal kommune:**INGEN SØKNAD 2017:**

Tildelingar Naustdal kom. siste 6 år: 84 000-x-99 000-x-650 000-350 000=kr. 1 183 000.-

20. Selje kommune:**Tiltak 1: Hovudrevisjon av kom. trafikktryggingsplan frå 2001**

Kostnadsoverslag: kr. 250 000.-
 Søknadssum tilskot: kr. 187 500.-
 Tildeling tilskot: kr. 187 500.- (75% tilskot av kostnadsoverslag)

Fylkeskommunal handlingsplan punkt D.1.1: «Påverke ved informasjon/retteleing til utarbeiding og revisjon av kommunale trafikktryggingsplanar. Få dette inn som ein laupande aktivitet.»

Planarbeid er nemnt spesifikt i formålet i «Instruks for forvaltning av tilskot til trafikktryggingstiltak i kommunane».

Tiltak 2: Asfaltere gang-/sykkelveg/fortau

Kostnadsoverslag: kr. 120 000.-
 Søknadssum tilskot: kr. 90 000.-
 Tildeling tilskot: kr. 0.-

Fylkesveg.

Fast dekke vil truleg bidra til at sykklistar finn det meir attraktivt å nytta g/s-vegen framfor køyrevegen. Det er grunn til å tru at gåande nyttar g/s-vegen uavhengig av dekketype.

Generelt:

Tildelingar Selje kom. siste 6 år: 300 000-x-625 000-208 000-36 000-360 000=
kr. 1 529 000.-

Fordeling etter folketal siste 6 år: kr. 760 000.-

Liten kommune, høg utteljing siste 6 åra. Tilskot i 2016.

Også tiltaket med asfaltering kunne mogelegvis ha gitt ein trafikktryggingseffekt. Men då løyvinga til tilskot er avgrensa, og Selje kommune har fått mykje tilskot siste åra, innstiller vi på at kommunen ikkje får tilskot til tiltaket med asfaltering.

21. Sogndal kommune:**Tiltak 1: Bygge fortau Trolladalen mot Kvåle skule**

Kostnadsoverslag: kr. 460 900.-
 Søknadssum tilskot: kr. 276 540.-
 Tildeling tilskot: kr. 276 540.- (60% tilskot av kostnadsoverslag)

Kommunal veg.

Fylkeskommunal handlingsplan punkt B.4.5: «Trygg utforming av trafikkområda ved skular.»
 I samsvar med handlingsplan pkt. B.4 «Fysiske tiltak for mjuke trafikantar, særleg born.»

Tiltak 2: Bygge gang og sykkelveg Kaupanger idrettsanlegg

Kostnadsoverslag: kr. 1 191 000.-
 Søknadssum tilskot: kr. 714 600.-

Tildeling tilskot: kr. 0.-

Kommunal veg.

Fylkeskommunal handlingsplan pkt. B.4.2. «Arbeide for auka utbyggingstakt for gang- og sykkelveg.»

Tiltak 3: Planlegge fortau Leitevegen–Markavegen til Rutlinslid

Kostnadsoverslag: kr. 100 000.-

Søknadssum tilskot: kr. 60 000.-

Tildeling tilskot: kr. 60 000.- (60% tilskot av kostnadsoverslag)

Kommunal veg.

I samsvar med handlingsplan pkt. B.4 «Fysiske tiltak for mjuke trafikantar, særleg born.»

Generelt:

Tildelingar Sogndal kom. siste 6 år: 583 000-628 000-299 000-220 200-x-177 000=

kr. 1 907 200.-

Fordeling etter folketal siste 6 år: kr. 2 147 000.-

Stor kommune, forholdsmessig utteljing siste 6 åra. Tilskot i 2016.

Også tiltaket med gang og sykkelveg ville truleg hatt ein trafikktryggingseffekt. Men då løyvinga til tilskot er avgrensa, innstiller vi på at Sogndal kommune ikkje får tilskot til tiltaket med gang og sykkelveg.

22. Solund kommune:

Tiltak 1: Etablere leskur haldeplass Ytrøygrend og Leknessund

Kostnadsoverslag: kr. 115 000.-

Søknadssum tilskot: kr. 82 650.-

Tildeling tilskot: kr. 69 000.- (60% tilskot av kostnadsoverslag)

Kommunal veg.

Tiltaket kan bidra til at fleire reiser kollektivt! I dette tilfellet kan leskuret òg bidra til å samle passasjerane på denne haldeplassen, i staden for meir spreidde stopp for bussen langs vegen.

Tiltak 2: Etablere rekkverk Hersvikbygda langs kommunal veg

Kostnadsoverslag: kr. 81 900.-

Søknadssum tilskot: kr. 61 425.-

Tildeling tilskot: kr. 0.-

Rekkverk, sjå vedlegg 1 NOTE 3.

Utforkøyringsulukker er dominerande ulukkeskategori i Sogn og Fj.

Fylkeskommunal handlingsplan punkt B.5.1: «Oppsetjing av rekkverk.

Arbeide for rekkverk også på kommunale vegar.»

Tiltak 3: Etablere rekkverk på del av kommunal veg Eide

Kostnadsoverslag: kr. 50 950.-

Søknadssum tilskot: kr. 38 200.-

Tildeling tilskot: kr. 0.-

Rekkverk, sjå vedlegg 1 NOTE 3.

Utforkøyringsulukker er dominerande ulukkeskategori i Sogn og Fj.
Fylkeskommunal handlingsplan punkt B.5.1: «Oppsetjing av rekkverk.
 Arbeide for rekkverk også på kommunale vegar.»

Tiltak 4: Bygge veglys og setje opp trafikkspegel Brattlia

Kostnadsoverslag: kr. 150 400.-

Søknadssum tilskot: kr. 112 800.-

Tildeling tilskot: kr. 0.-

Kommunal veg.

Veglys, sjå vedlegg 1 NOTE 1.

Tiltak 5: Utvide avkøyrsløse, siktsoner Nessa – (privat veg)

Kostnadsoverslag: kr. 225 000.-

Søknadssum tilskot: kr. 168 750.-

Tildeling tilskot: kr. 0.-

Gjeld tiltak på privat veg, noko som ikkje omfattast av ordninga med TIK-midlar, jf. instruksen.

(Gjeld avkøyrsløse frå fylkesveg til 1 stk. bustadhus . Etter vegloven er det avkøyrsløse eigar sitt ansvar å oppretthalde tilfredsstillande sikttilhøve i eiga avkøyrsløse. (Det er ikkje registrert ulukker med personskaade på staden dei siste 10 åra. Årsdøgntrafikk 200 køyretøy.)

Generelt:

Tildelingar Solund kom. siste 6 år: 312 000-228 000-169 900-345 000-x-196 980=
kr. 1 251 880.-

Fordeling etter folketal siste 6 år: kr. 215 000.-

Liten kommune, veldig høg utteljing siste 6 åra. Tilskot i 2016.

Også tiltaka med veglys og rekkverk ville ha gitt ein trafikktryggingseffekt, jf. vedlegg 1, NOTE 1 og NOTE 3. Men då løyvinga til tilskot er avgrensa, og Solund kommune har fått mykje tilskot siste åra, innstiller vi på at kommunen ikkje får tilskot til tiltaka med veglys og rekkverk.

Tiltak med avkøyrsløse på privat veg omfattast ikkje av ordninga med TIK-midlar, jf. instruksen

23. Stryn kommune:

Tiltak 1: Etablere rekkverk langs kommunal veg Frøyset

Kostnadsoverslag: kr. 254 000.-

Søknadssum tilskot: kr. 152 400.-

Tildeling tilskot: kr. 152 400.- (60% tilskot av kostnadsoverslag)

Rekkverk, sjå vedlegg 1 NOTE 3.

Fylkeskommunal handlingsplan punkt B.5.1: «Oppsetjing av rekkverk. Arbeide for rekkverk også på kommunale vegar.»

Utforkøyringsulukker er dominerande ulukkeskategori i Sogn og Fj.

Tiltak 2: Etablere rekkverk kommunal veg Nord-Markane

Kostnadsoverslag: kr. 260 000.-
 Søknadssum tilskot: kr. 156 000.-
 Tildeling tilskot: kr. 0.-

Rekkverk, sjå vedlegg 1 NOTE 3.

Fylkeskommunal handlingsplan punkt B.5.1: «Oppsetjing av rekkverk. Arbeide for rekkverk også på kommunale vegar.»

Utforkøyringsulukker er dominerande ulukkeskategori i Sogn og Fj.

Generelt:

Tildelingar Stryn kommune siste 6 år: 324 000-384 000-42 000-120 000-564 000-x=
kr. 1 434 000.-

Fordeling etter folketal siste 6 år: kr. 1 963 000.-

Større kommune, låg utteljing siste 6 åra. Ikkje tilskot i 2016.

Også tiltak nr. 2 med rekkverk ville ha gitt ein trafikktryggingseffekt, jf. vedlegg 1, NOTE 3. Men då løyvinga til tilskot er avgrensa, innstiller vi på at Stryn kommune ikkje får tilskot til tiltak nr. 2 med rekkverk.

24. Vik kommune:**INGEN SØKNAD 2017:**

Tildelingar Vik kom. siste 6 år: 72 000-90 000-182 000-600 000-39 600-42 000=
kr. 1 025 600.-

25. Vågsøy kommune:**Tiltak 1: Bygge gangveg mellom gate 1 og Vågsøy ungd. Skule**

Kostnadsoverslag: kr. 1 200 000.-
 Søknadssum tilskot: kr. 800 000.-
 Tildeling tilskot: kr. 720 000.- (60% tilskot av kostnadsoverslag)

Kommunal veg.

Fylkeskommunal handlingsplan pkt. B.4.2. «Arbeide for auka utbyggingstakt for gang- og sykkelveggar.»

I samsvar med handlingsplan pkt. B.4 «Fysiske tiltak for mjuke trafikantar, særleg born.»
 Tiltaket vil bidra til å skilja mjuke trafikantar frå biltrafikken.

Generelt:

Tildelingar Vågsøy kommune siste 6 år: 120 000-x-300 000-284 700-39 600-x=
kr. 744 300.-

Fordeling etter folketal siste 6 år: kr. 1 656 000.-

Stor kommune, veldig låg utteljing siste 6 åra. Ikkje tilskot i 2016.

26. Årdal kommune:**Tiltak: Bygge nytt veglys mot Tangen skule**

Kostnadsoverslag: kr. 803 000.-
 Søknadssum tilskot: kr. 803 000.-
 Tildeling tilskot: kr. 0.-

Kommunal veg.
Veglysanlegg, sjå vedlegg 1 NOTE 1.

Generelt:

Tildelingar Årdal kommune siste 6 år: 405 000-538 000-364 500-247 650-x-402 319=
kr. 1 957 469.-

Fordeling etter folketal siste 6 år: kr. 1 468 000.-

Større kommune, i overkant utteljing siste 6 åra. Større tilskot i 2016.

Av vedlegg 1 NOTE 1 går det fram at bygging av veglys gir trafikktryggingseffekt. Men då løyvinga til tilskot er avgrensa, og Årdal kommune har fått mykje tilskot siste åra, innstiller vi på at kommunen ikkje får tilskot i 2017.

4. Framlegg til tildeling tilskot

Statens vegvesen tilrår følgjande tildeling tilskot til trafikktryggingstiltak i kommunane (TIK-midlar) 2017:

Nr.	Kommune	Søknad tilskot TIK-midlar kr.	Tilskot TIK- midlar kr.
5	Eid kommune	675 000.-	660 000.-
6	Fjaler kommune	809 000.-	90 000.-
7	Flora kommune	951 630.-	206 600.-
8	Førde kommune	500 000.-	200 000.-
9	Gaular kommune	500 000.-	500 000.-
10	Gløppen kommune	350 000.-	300 000.-
11	Gulen kommune	954 000.-	610 000.-
13	Hyllestad kommune	187 500.-	187 500.-
14	Høyanger kommune	470 000.-	345 460.-
15	Jølster kommune	1 372 538.-	225 000.-
17	Luster kommune	210 000.-	210 000.-
20	Selje kommune	277 500.-	187 500.-
21	Sogndal kommune	1050 540.-	336 540.-
22	Solund kommune	463 825.-	69 000.-
23	Stryn kommune	385 500.-	152 400.-
25	Vågsøy kommune	800 000.-	720 000.-
	SUM	12 180 782	5 000 000.-

Vilkår for tildeling:

Tiltak som får løyving av Trafikktryggingstiltak i kommunane - TIK-midlar 2017, skal ferdigmeldast 30. november 2017. Midlar som ikkje er nytta innan fristen, går attende til fylkeskommunen. Jf. pkt. 6 e) i «Instruks for forvaltning av tilskot til Trafikktryggingstiltak i kommunane - TIK-midlar».

Fylkesdirektøren for samferdsle sluttar seg Statens vegvesen si tilråding.